



presteper@me.com

Referansar:

Dykkar:

Vår: 21/310 - 21/3629

Sakshandsamar:

Øyvind Tolleshaug

oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:

21.06.2021

## Løyve til å bygga tilbygg på einebustad. Gnr. 168, bnr. 37.

### Administrativt vedtak. Saknr: 015/21

#### Saksutgreiing:

Saka gjeld bygging av to tilbygg på einebustad på eigedommen gnr. 168, bnr. 37. Tilbygga har eit eit bebygd areal ( BYA ) på 9 m<sup>2</sup>/18 m<sup>2</sup> og eit bruksareal ( BRA ) på 8 m<sup>2</sup>/16 m<sup>2</sup>.

Teikningar syner plan og 4 fasadar. Teikningane er daterte 10. mai 2021 og er laga av Lars Svendsen.

Tiltaka ligg i eit område som etter kommuneplanen er sett av til byggjeområde.

Tiltaka er søknadspliktige etter § 20-1 i plan- og bygningslova ( pbl ). Paragraf § 20-4 i pbl skildrar dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til, prosjektera og utføra.

Etter § 3-1 i Forskrift om byggesak, er arealgrensa for tilbygg der tiltakshavar kan stå for søknad osb, lik 50 m<sup>2</sup>. Grensa gjeld både samla bruksareal og bebygd areal. Arealet til tilbygga er 27 m<sup>2</sup> og søknaden kjem inn under dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til

Det kan vera noko uklårt om det eine tilbygget kjem nærare eigedomsgrensa enn 4 meter. Eigar av naboeigedommen har i alle høve gjeve løyve. Når nabo har gjeve løyve, kan kommunen gje godkjenning.

Nabovarsel er levert.

Levert materiale stettar kravet til søknad.

#### Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Kommunen har ingen merknader til søknaden frå Per Børge Hillestad datert 3. juni 2021. Bygging av to tilbygg på einebustad på gnr. 168, bnr. 37, kan ta til.

Vilkår for løyvet :

Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaket er gjennomført. Lovheimel : § 21-10 i pbl.

\*\*\* \*\* \* \*

Tiltaket er registrert i matrikkelen, sjå forskrift til matrikkellova §10 og §60.

Øyvind Tolleshaug  
Plan- og utbyggingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
presteper@me.com